



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato
05.05.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/6377
Dykkar referanse
«REF»

Likelydande brev er sendt til:
Kommunane i Hordaland
Fagлага

Høyring forskrift om regionalt miljøprogram i Hordaland - frist 1. juni

Tittel på forskrift er endra til: Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland (RMP-forskrifta for Hordaland fylke).

Utkast til forskrift om regionalt miljøprogram for Hordaland følgjer vedlagt for høyring hjå kommunane og fagлага i jordbruket i Hordaland.

Forskrifta er sendt på høyring sidan det er gjort endringar i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket frå august 2014. Det er ikkje lengre krav om at ein må ha mottatt produksjonstilskot, men det er no krav om at ein er berettiga tilskot frå ordninga.

Fylkesmannen foreslår følgjande endringar i forskrifta som skal gjelde frå 1. juli 2015:

- I hovudsak er det endringar i miljøkrava. Sprøytejournal og gjødslingsplan er vidareført som eit grunnvilkår, men det ligg no til rette for at ein med medhald i § 3 kan foreta ei høveleg avkorting, i tilfelle der sprøytejournalen og/eller gjødslingsplanen er mangelfull. Der gjødslingsplan og/eller sprøytejournal ikkje føreligg, eller det er klart at den ikkje er god nok, skal RMP-tilskotet bortfalle.
- Krav om Miljøplan trinn 2 fell bort. Krav om miljødokumentasjon vert erstatta med krav om skjøtelsplan for dei ordningane som før har hatt krav om tidlegare miljøplan trinn 2. Dokumentasjonen som er nytta i miljøplan trinn 2 kan vidareførast. Skjøtelsplanen skal skildre lokalisering og miljøkvalitet for det området, minimum med plassering på kart (eStil) og størrelse. Planen må også innehalde målsetting for miljøtiltaket og skildre skjøtsel av området som skal sikre at miljømåla vert nådd. På heimesida til LFR Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga finn de malar for Miljøplan trinn 2 som framleis kan nyttas som mal for skjøtelsplan. Stetter ikkje søkjar krava om miljødokumentasjon for tiltaket, skal søknad avslåast.
- For ordninga om miljøtilskot til styvingstre vert det nå innført krav om skjøtelsplan.
- Miljøavtale for elvemusling vert vidareført.

- Tilskot til føretak som deltek i organisert beitelag vert endra til også å gjelde beite i andre fylke. Driftssenter må framleis vere i Hordaland.
- Det er gjort endringar i forskrifta om at miljøtilskot til beite av kystlynghei er avvikla. Ordninga gjaldt driftsforma utegangarsau som ikkje vert halde i husdyrrom om vinteren. Bakgrunnen for at ordninga er avvikla er at det frå august 2014 vart innført eit flatt husdyrtilskot til sau.
- Tilskot til bevaringverdige husdyrrasar fell bort ved at løyvinga frå den nasjonale potten vert styrka.

I tillegg til endringar i miljøkrava er det gjort ein del tekstelege justeringar, samt at tittel og føremål med forskrifta er standardisert.

Vi ber om kommentarar på høyringa.

Svar sendas til sakshandsamar Kari Mostad fmhokmo@fylkesmannen.no innan 1. juni.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Steinar G. Sørli
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Gjenpart:
Miljøvernavdelinga, her
Hordaland fylkeskommune, Kulturavdelinga

Vedlegg:
Framlegg til:
Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland